

Oppsummering av innkomne høringsinnspel til Regional plan for klimaomstilling

Under følger ei kort oppsummering av alle høringsinnspela. Alle innspel er lest igjennom og vurdert i det vidare arbeide. Det er notert korleis Fylkesrådmannen tilrår at innspela vert tatt til følgje.

Innstilling frå fylkesrådmannen er fargemarkert for lettare overblikk:

Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.	Tatt til følgje. Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.	Tatt til følgje. Endring eller informasjon av politisk betydning, som presenterast i saksframstilling.
---	---	---	---

NB: Grunna høringsinnspel er nummer på tiltak og mål i plandel og handlingsprogram endra sett opp mot høringsutkastet. I dette saksframlegget er det vist til nummer i planframlegg til endeleg vedtak.

1. Ungdomspolitisk utval	Saks nr. 16/3972-36
Høringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
• Opprette "ungdommens klima- og miljøpris" i tillegg til den ordinære prisen som er foreslått.	Delvis tatt til følgje. Sjå tiltak 14.
• Nytte sosiale medium til å spreie informasjon om 2°C-magasinet.	Tatt til følgje. Sjå tiltak 19.
• Elevar hjå den vidaregåande skule bør vere del av målgruppa til konferansen om utdanning for berekraftig utvikling.	Ikkje tatt til følgje. Konferansen er for dei som arbeider i skule og barnehage.
• Ungdomspolitisk utval bør vere representert/del av arbeidet i den tverrfaglege klimagruppa i fylkeskommunen.	Ikkje tatt til følgje. Den tverrfaglege klimagruppa er ei intern administrativ arbeidsgruppe.
	Tatt til orientering.
• Lite ambisiøst i klimakommunikasjonsstrategien med berre 8 nyhendesaker?	Tatt delvist til følgje. Sjå tiltak 13.

2. Workshop om grøn konkurransekraft	Saks nr. 16/3972-37
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> Innspel frå workshoppen er i stor grad dekkja i både plandel og handlingsplan, men ikkje på tilsvarande detaljnivå knytt til konkrete oppgåver. Nokon målformuleringar kan spissast, og ordlyd endrast, så det er målretta næringslivet i store grad. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> Korleis skal næringslivet bidrag? Forslå ending av temamål til «Næringslivet i fylket skal bidrag til klimaomstilling gjennom ei styrka grøn konkurransekraft/ Næringslivet i fylket skal bidrag til klimaomstilling ved å ta ein aktiv rolle i det grønne skifte.» 	Tatt til følgje. Temamål endra til «Næringslivet skal bidra gjennom ei styrka grøn konkurransekraft»
<ul style="list-style-type: none"> Vi kan ikkje vere leiande på alt, forslå å legg til «basert på dei fortrinn fylket har». 	Tatt til følgje. Sjå M11
<ul style="list-style-type: none"> Litt uklar formulert, og avgrensande ved å liste opp prioriterte områda, forslå endring til: «Jamfør måla i verdiskapingsplanen om møteplassar; fylkeskommunen og partnerskapen bidreg aktivt til etablering og vidareutvikling av bedriftsnettverk og næringsklynger som bidreg til klimaomstilling.» 	Tatt til følgje. Sjå M11.1
<ul style="list-style-type: none"> Forslag til presisering: «Verdiskapingsplanen set mål for korleis partnerskapen legg til rette for nyskaping, slik at næringslivet i fylket kan utvikle og ta i bruk ny teknologi i det grønne skiftet. Mellom anna gjennom: Ei satsing på grønne innovasjonssystem, der ein jobba tverrfagleg for å løyse samfunnsutfordringane knytt til klima. OG Oppbygging av sterke fagmiljø og tilrettelegging for nyskaping og innovasjon.» 	Tatt til følgje. Sjå M11.2
<ul style="list-style-type: none"> M11.3 forslag om å slette «strategiske» 	Tatt til følge. Sjå M11.3
<ul style="list-style-type: none"> Forslag om at oversikt- og strategiarbeidet knytt til klimakompetanse integrerast i arbeidet med den regionale kompetansestrategi. 	Tatt til følgje. Sjå M12.2
<ul style="list-style-type: none"> Synleggjer Hydrogensatsinga i plandokumenta. 	Tatt til følgje. Lagt til NY målsetting. Sjå M2.2. Tatt til følgje. Sjå kunnskapsdel kap. 3.1.1.

3. Ungdomsseminar i Sunnfjord	Saks nr. 16/3972-38
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<p>Viktigaste tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> Trygge vegar og rassikring: sikre framkomst og persontryggleik. Klima i skulen: frå barneskule til vidaregåande: «vi for hele tida høyre at det er vi som skal løyse klimaproblema, men korleis? Gi oss kompetanse og verktøy til å finne løysningane». 	Tatt til orientering. Samsvarar med eksisterande mål og tiltak i planen.
<ul style="list-style-type: none"> Kollektivtransport (Billegare, oftare, relevante ruter, nullutslepp): Transport er viktig for sosial 	Naturleg å handsame ved revidering av RTP.

aktivitet etter skule, og kollektiv er dyrt og ikkje bra nok dekning.	Tatt delvist til følgje. Ungdomsperspektivet er inkludert i tiltak 4.
4. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	Saks nr. 16/3972-39
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> • er positive til at ein skal ha klimavennlege løysingar. • ser på det som sjølvstøtt at klimavennlege løysingar også skal vere universelt utforma og inkludere alle. • meiner det må vere mogleg å bruke dei nye klimavennlege løysingane for menneske med ulike føresetnader. 	Tatt til orientering.
5. Jølster kommune og Naustdal kommune	Saks nr. 16/3972-40 Saks nr. 16/3972-42
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<p>Eit felles saksframlegg for kommunane <u>Naustdal, Gaular, Jølster og Førde.</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Regional plan for klimaomstilling er særst nyttig og i samsvar med nasjonale og internasjonale føringar - Kunnskapsdelen er særst nyttig. • Mange gode tiltak, men enkelte av dei er generelle og lite konkrete. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> • Fylkeskommunen sin rolle som regional utviklingsaktør/ samfunnsutviklar mot kommunane kunne kanskje vore endå tydeligare presentert. Det er naudsynt med eit tett samarbeide med kommunane, da mange tiltaka å gjerast/forankrast lokalt. • Mange kommunar har behov for fylkeskommunane m.a. til utarbeiding av strategiar retta mot klima. • Prosjektet Samhandling for grønt skifte er løftet fram som ein arena som kunne ha fungert betre for regional og lokal dialog. • Rår til det vert etablert eitt forum med kontinuerleg dialog mellom forskarar, regionalt nivå og kommunane, både på leiarsakshandsamar nivå. Klima bør vere fast tema i regionale samlingar. 	<p>Tatt delvist til følgje. Inkludert i tiltak 5: møteplasser i kommunane.</p> <p>Erfaringar og resultatane frå «Samhandling for grønt skifte»-prosjektet skal inkluderast i det kommuneretta arbeidet til FK.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • I plandelen kap. 4.2.1. står det ikkje om presentasjonane på dei to kommunesamlingar i 2017 har ført til mange innspel frå kommunane. 	Tatt til følgje. Sjå plandelen kap. 4.2.1.
<ul style="list-style-type: none"> • Rår til at ungdom i enno større grad vert inkludert i arbeidet. • Sunnfjord ynskjer å samarbeide med fylkeskommunen om eit eige «ungdomsprogram for klima» 	Tatt til orientering. Fylkeskommunen er positiv til denne type initiativ.
<ul style="list-style-type: none"> • Svært positiv til dialog med fylkeskommunen og næringslivet om kollektivtilbod. Kollektivreiser er noko av det ungdommen er mest opptatt av, og dei bør vere involvert i 	Tatt til orientering. Naturleg å handsame ved revidering av RTP.

arbeidet. Vidare er kollektivtilbod mellom knutepunkt viktig i samband med kommunereforma.	Tatt delvist til følgje. Sjå tiltak 8.
• Viktig at Energiportalen vert godt marknadsført og forankra i kommunane.	Tatt til følgje. Sjå tiltak 26.
• Ungdommen vil gjerne ha klima som eit sjølvstendig tema/skulesekk.	Ikkje tatt til følgje. Vurdert dekkja i tiltak 22.
• Nytt tiltak: klima skal vurderast i alle regionale tilskotsordningar, t.d. ved tildeling av spelemidlar.	Tatt delvis til følgje. Sjå tiltak 17.
• Planen bør synleggjere korleis fylkeskommunen har tenkt å kommunisere ut oppfølging av planen. Det er ønskeleg med kontinuerlig informasjon/rapportar og milepelsplan.	Tatt delvis til følgje. Sjå plandel kap. 5.

6. Fylkesrådet for eldre	Saks nr. 16/3972-41
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
• Positive til klimavenlege løysingar, og at det er sjølvstendig at desse er universelt utforma og utforma slik at alle kan nytte seg av dei.	Tatt til orientering
• Viktig å etablere vegar til sykling og gåing når nye vegprosjekt vert sett i gang, så ein ikkje er tvungen til å nytte bil for å komme seg til butikk og fritidsaktivitetar.	Ikkje tatt til følgje.
• Er gode omleggingstilskot eller rimelege lån viktig for omlegginga til å bruke fornybar energi eller gjere endringar i gamle bustader. Ei meir rettferdig nettleige for straum vil vere eit godt bidrag.	Naturleg å handsame ved revidering av RTP. Ikkje tatt til følgje.

7. Kystverket	Saks nr. 16/3972-43
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
Kystverket gav og uttale til planprogrammet. Har ingen vidare merknader til planen utover dette:	Tatt til orientering.
• Godsoverføring frå veg til sjø er nemnt som eit klimatiltak i gjeldande NTP og at den regionale planen burde gjenspegle dette.	Mål og tiltak er i tråd med Regional transportplan.
• Det finst mellom anna statlege tilskotsordningar for overføring av gods til sjø og for hamnesamarbeid (sjå www.kystverket.no).	

8. Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane	Saks nr. 16/3972-44
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
• Stiller seg ubetinga bak målsetjingane til «klimakunnskap og klimakommunikasjon». Viktig å starte arbeidet så tidleg i utdanningsløpet som mogeleg.	Tatt til orientering
• UESFJ vil kunne vere ein viktig bidragsytar med sine ulike program, inkludert kompetanseheving av lærarar.	
• I regi av UESFJ vil det bli utvikla fagstoff kring temaet.	

9. Simen Zerehun Halvorsen	Saks nr. 16/3972-45
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> • Sjøppelryddninga bør vere effektivt, lønnsam, og gøyere. • Statgreen er en løysning som går ut på å gjere folk meir bevisst på sin, og andre sitt avfallutslepp. Som bonus holde samfunnet reinare, sunnare og meir bærekraftig. 	Tatt til orientering
10. Sunnfjord Energi AS	Saks nr. 16/3972-46
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> • Slutteseg til det som står i høyringsutkastet under plantema «Energiforsyning». • Ynskjer i tillegg å informere om 2 relevante prosjekt «Hydrogen- og mikronettprosjektet i Solund» og «Fjernvarmeanlegg i Førde». 	Tatt til orientering
	Tatt til følge. Sjå kunnskapsdel kap. 3.1.3.2.
11. Statskraft	Saks nr. 16/3972-47
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> • Er samde i og stør på det sterkaste at fornybar vasskraftproduksjon vert sett på som ein del av løysninga i arbeidet med klimaomstilling. • Vasskrafta har det lågaste karbonavtrykket av alle teknologiar for kraftproduksjon, og gir svært høg forsyningssikkerhet. • Statskraft vasskraftanlegg i fylket er i høg grad anlegg som er med på å redusere frekvensen og størrelsen på skadeflaumar (jamfør rapport frå Multiconsult). • Vasskraft bidreg til grønne arbeidsplasser og gir store økonomiske bidrag til regionen og lokalsamfunnet. • Planen kan med fordel vere meir tydeleg på den styrke som allereie utbygd regulerbar vasskraft gir til fylket og klimaomstillingsarbeidet. • Planen manglar synleggjering av utfordringa knytt til risiko for tap av fornybar kraftproduksjon i samband med kommande vilkårsrevisjonar av eksisterande vasskraft. • Forslag til nyt mål: Eksisterande regulerbar vasskraftproduksjon vert ivareteken. 	Tatt til orientering
	Tatt til følge. Sjå kunnskapsdel kap. 3.1.3.2.
	Tatt til følge. Sjå kunnskapsdel kap. 3.1.3.4.
	Tatt delvist til følge. Sjå kunnskapsdel kap. 3.4.3.3. «Grønne arbeidsplasser».
	Tatt delvist til følge. Sjå kunnskapsdelen kap. 3.1.3.2.
	Ikkje tatt til følge. Sjå M.1.1.

12. Flora kommune	Saks nr. 16/3972-48
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
Saksframstillinga frå Flora er identisk med Naustdal og Jølster kommune (sjå ovanfor). Flora kommune ser planen som eit nyttig verktøy for arbeid med klima- og miljøutfordringar i Sogn og Fjordane.	Tatt til orientering.
Har følgande endringar/tilleggspunkt:	Tatt delvis til følgje. Sjå tiltak 17.
<ul style="list-style-type: none"> • Klima og miljø skal vurderast i alle regionale tilskotsordningar. 	Tatt delvist til følgje. Lagt til NY målsetting. Sjå M21
<ul style="list-style-type: none"> • Planen bør ha eit eige kapittel om plastavfall og utfordringar i bruk, forsøpling og gjenvinning. 	Ikkje tatt til følgje med nytt punkt. Sjå M1. og M2.
<ul style="list-style-type: none"> • I verdiskapingsplanen frå 2014 står det: «Fylkeskommunen skal være positiv til utbygging av vannkraft.» I handlingsplanen foreslås følgende punkt: «Fylkeskommunen skal <u>aktivt</u> se på muligheter for ytterligere produksjon av klimanøytral energi. Det kan være nye prosjekter og ikke minst effektivisering av eksisterende produksjonsanlegg.» 	Tatt delvist til følgje. Lagt til «aktivt» i temamål for energiforsyning.
<ul style="list-style-type: none"> • Klimavennlig energi bør vere tilgjengelig i hele fylket. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> • I handlingsplanen foreslås følgende punkt; <i>Fylkeskommunen skal være en pådriver for å etablere et godt distribusjonsnett for klimavennlig energi. Tiltak kan være styrking av elnettet og oppretting av ladestasjoner.</i> 	Ikkje tatt til følgje med nytt punkt.
<ul style="list-style-type: none"> • Satsing på hydrogen: Fylkeskommunen støtter aktivt opp om tiltak på hydrogen i fylket, både produksjon, distribusjon og bruk. 	Tatt til følgje. Lagt til NY målsetting: M2.2.
<ul style="list-style-type: none"> • Planen må i større grad ta med energiproduksjon i boliger og andre bygg. 	Tatt til følgje. Sjå kunnskapsdel kap. 3.1.1.
	Ikkje tatt til følgje. Sjå M5.
13. Sogndal Næringsforeining	Saks nr. 16/3972-49
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
Tiltak for å redusere transportbehovet:	Tatt til orientering. Sjå M6 og Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling.
<ul style="list-style-type: none"> • Kompakt by- og tettstadsutvikling er føresetnad for overgang frå personbil til kollektivtransport, og meir sykkel og gange. • Bygging av nye bustader og kontorbygg vert konsentrert i områder med god tilgang på kollektivtrafikk. 	Tatt til orientering. Sjå M7.2 og tiltak 8.
<ul style="list-style-type: none"> • Hyppige nok avgangar mellom bu- og arbeidsplass til at folk vel buss. • Pris på kollektivtransport må vere konkurransedyktig med bil. 	Naturleg å handsame ved revidering av RTP.
<ul style="list-style-type: none"> • Gjennom offentlege innkjøp kan ein ha stor innverknad på utviklinga av produkt og tenester. • For å utløyse verdiskapingspotensialet i det grønne skiftet må offentlig innkjøpsmakt nyttast til å stimulere innovasjon og teknologiadopsjon. Stille gode funksjonskrav, så innkjøpsprosessen kan rettast inn mot å utvikle nye lågutsleppsløysingar. Eks. Investering i infrastruktur, transport, bygg og IKT. 	Tatt til orientering. Sjå M11.3, M20, M20.2 og M20.3.

• Prioritere lokale innkjøp som eit miljøvenleg alternativ til langreiste varer.	
• Auke bruk av tre i bygg for å redusere klimaskadelege material.	Ikkje tatt til følgje. Sjå M5.
• Som eit føregangsfylke for hydrogen treng SFJ 4-5 ladestasjonar i fylket.	Tatt delvist til følgje. Sjå NY målsetting: M2.2.

14. NAF, lokalavdelingar i Sogn og Fjordane	Saks nr. 16/3972-50
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
Med utgangspunkt i NAF sitt samferdselspolitiske langtidsprogram, vil NAF: <ul style="list-style-type: none"> Eksisterande og planlagd infrastruktur innan samferdsel må planleggast, dimensjonerast, byggast og vedlikehaldas til å takle klimautfordringane, inkludert ras og flaum. Etter store naturhendingar må omsyn til framtidige naturhendingar inkluderast i arbeidet med reperasjon og opprusting. 	Tatt til orientering. <p>Sjå M9, M16.1, M17.2, M18, M18.1, M18.2, M18.4, M19.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Bruken av vegsalt vert redusert med godt vegvedlikehald, god vinterdrift og alternative snø- og isfjerningsmetodar som også gjev god trafikksikkerheit. 	Ikkje tatt til følgje. Naturleg å handsame ved revidering av RTP.
<ul style="list-style-type: none"> Infrastruktur for nullutsleppsbiar må byggast ut og bli meir heilheitleg enn i dag. Det må leggast til rette for elektrifisering av hele transportsektoren: ferjer, næringskøyrety, jernbane, skip, godstransport på sjø og bane og landstrøm. Standardisert ladestasjonar og fyllstasjonar for alternativt drivstoff må gjerast tilgjengelig på lik linje med fyllstasjonar for fossilt drivstoff. Utbygging av ladestasjonar, infrastruktur og hydrogenteknologi. Særlig innan maritim næring med meir transport frå veg til sjø. Hurtiglادestasjonar for pendling, til døme: Florø-Svelgen-Kalvåg-Måløy, samt i tettstader/kommunesentra. Opplæring i god «ladekultur». Setje krav ved utlysing av anbod til miljøvennlege bussar, ferjer etc. 	Tatt til orientering. <p>Sjå M3, M17.3, M8, M8.1, M8.2, M8.3, M11.3, M20.2, M20.3 og nytt M2.2.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Løysningar for klima- og miljøvennelege kvardagsreiser må vere tilgjengeleg, rimeleg og effektiv for brukaren. Må leggast til rette for at trafikkanden kan gjere gode val Reduksjon av klimagassutslepp må skje på ein måte som ivaretek behovet for mobilitet. Redusering av transportbehovet kan virke sentraliserande og stå i vegen for spedt busetnad i distrikta. 	Tatt til orientering. <p>Sjå M7.2, tiltak 8 og Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Tilfredsstillande rutetilbod innan kollektiv, også over kommune og fylkesgrenser. <ul style="list-style-type: none"> Hyppige avgangar på bybussar Prisnivå som kan konkurrere med bruk av eigen bil. Gode rabattordningar på periode- eller månadskort for born og unge. 	Tatt til orientering. <p>Sjå M7.2 og tiltak 8.</p>

<ul style="list-style-type: none"> - Tilpassa konsekvensar av kommunesamanslåing og reiseavstand til kultur- og fritidstilbod for born og unge. • Innføring av innfartsparkering med gratisbuss til/frå sentrum i t.d. Førde. • Lettare å ha med sykkel på buss. 	Naturleg å handsame ved revidering av RTP.
<ul style="list-style-type: none"> • Auke løyvingane til trygge gang- og sykkelveger til bruke heile året. 	Ikkje tatt til følgje. Naturleg å handsame ved revidering av RTP.
<ul style="list-style-type: none"> • Cruisenæringa med landstraum. • Miljøvenlige båtar og ferjer i verdsarvfjordane 	Ikkje tatt følgje. Viser til Cruisestrategi for vestlandsregionen og Verdiskapingsplan.
<ul style="list-style-type: none"> • Viktig å gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalysar og etablere beredskapsordningar for liv, helse og samfunnsfunksjonar. • Beredskapsordningar for entreprenørar og andre for rydding etter større naturhendingar. 	Tatt til orientering. Sjå M19, M16.2, M17.3 og M18.1
<ul style="list-style-type: none"> • Meiner prinsippet med 8 timar-grens for omkøyringsmoglegheiter ved flaum og ras er for høg. 	Ikkje tatt til følgje.

15. Toyota Sogn AS	Saks nr. 16/3972-51
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> • Areal og transport: Viktig å legge til rette for framtidige alternative til fossile drivstoff. Spesielt hydrogen i "hydrogenfylket" Sogn og Fjordane, og ikkje kun maritimt. Rår til minimum 5 stasjonar i Sogn og Fjordane. • Infrastruktur er ein føresetnad for å kunne selje og bruke nullutsleppskøyretøy, hydrogen og elektriske bilar. 	Tatt delvist til følgje. Sjå M3 og M8 og NY målsetting: M2.2.
<ul style="list-style-type: none"> • Prioritere miljøaspekt i innkjøp, også på bedriftsnivå (ikkje kun produkt). 	Ikkje tatt til følgje. Sjå temamål for forbruk, samt i M20, M20.2, M20.3 og M111.3

16. Sogn og Fjordane Energi (SFE), Sunnfjord Energi og Sognekraft	Saks nr. 16/3972-52
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> • Stiller seg bak arbeidet med å omstille samfunnet for å møte klimautfordringane. 	Tatt til orientering.

<ul style="list-style-type: none"> Vår region har m.a. store naturressursar, lange tradisjonar og stor kompetanse innan fornybar energi. Å vidareutvikle ressursane og kompetansen vere sentralt i vår region sitt arbeid med grøn omstilling. 	<p>Tatt delvist til følge. Sjå kunnskapsdel kap. 3.4.3.3.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Fylkeskommunen bør arbeide aktivt for større grad av elektrifisering av transportsektoren, bygg- og anleggsverksemd og industri (her under installasjonane brukt til petroleumsaktivitetar på norsk sokkel utan for kysten av Sogn og Fjordane). 	<p>Tatt til orientering.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Regulerte vassdrag bidrag til utsleppsfri kraftproduksjon og er med til å redusere risikoen for flaum. Det er nødvendig med god balansegang mellom ulike omsyn i saker knytt til ny/utvida energiproduksjon. Erstatning av fossile energikjelder treng utbygging av meit fornybar energiproduksjon. Debatten må nyansere og miljøomsyna må vere med på begge sider av vekstskåla i vurdering av framtidig prosjekt. Fylkeskommunen med ansvar for regional vassforvaltning har ein viktig rolle i vurdering av desse omsyna. 	<p>Tatt delvist til følge. Sjå kunnskapsdel kap. 3.1.3.2.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Tilrettelegging for effektive fjernvarmeanlegg kan reduserer luftureining og frigjere fornybarkraft til andre områder. 	<p>Tatt til orientering.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Kraftoverskotet som vert produsert i fylket må takst i bruk. 	<p>Tatt til orientering.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Ny teknologi vil kunne endre kraftsystemet og opne nye muligheiter. Tilslutnad fylkeskommune sitt arbeid med å sjå på mulig verdiskaping og næringsmuligheiter for vår region innan hydrogen. 	<p>Tatt til følgje. Sjå NY målsetting: M2.2. Tatt til følgje. Sjå kunnskapsdel kap. 3.1.1.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Støttar planen sine tiltak knytt til kompetanseutvikling. Energibransjen bidraga sjølv til kunnskapsløftet gjennom ulike tiltak og prosjekt, og trur det har stor verdi for fylket fram i tid. Er positiv til klimanettverk, tverrfaglig involvering og møteplassar for det grønne skifte i fylket. Energibransjen vil og bør bidra og fylle viktig rolle. 	<p>Tatt til orientering. Fylkeskommunen er positiv til energibransjen vil bidra.</p>

17. Hordaland fylkeskommune	Saks nr. 16/3972-53
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<p>Set pris på invitasjonen til å bli kjent med klimaarbeidet i Sogn og Fjordane, og ser fram til dialogen vi kan starte på grunnlag av det. Planprogram og tilhøyrande kunnskapsgrunnlag er grundig og relevant. Ein styrke i planen er fokuset på samarbeid og felles innsats. Tema i planen er mange og utfyller Hordaland FK sin klimaplan.</p> <p>Ser fram til å samarbeide på klimafeltet og den kommande dialogen om felles plattform og ein ny felles klimaplan når den tid kjem. Ein offensiv klimapolitikk er viktig for grøn konkurransekraft, kutt i klimagassutslepp og god klimatilpassing i det nye fylket.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Sogn og Fjordane gleder seg til å starte opp klimaarbeidet i lag med Hordaland.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Saknar kopling til Hydrogenregion Sogn og Fjordane, då prosjektet adresserer klimautfordringa på ein interessant måte og nyttar ein lite brukt metode i fylkeskommunal samanheng. 	<p>Tatt til følgje. Sjå NY målsetting: M2.2.</p> <p>Tatt til følgje. Sjå kunnskapsdel kap. 3.1.1.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Saknar årstal og talfesta mål for kutt i klimagassutslepp frå ulike sektorar i planen. Spesielt trekke fram trong for 2030-mål der Noreg har internasjonal plikt til å kutte utslepp. 	<p>Ikkje tatt til følgje.</p> <p>Vurderingane er løfta fram i saksframstillinga.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Klimameldinga som blei handsama i Stortinget førre veke har fleire strategiar som er aktuelle for den regionale planen. Oppfølging av klimameldinga krev tiltak i Sogn og Fjordane. 	<p>Tatt delvist til følgje. Kunnskapsgrunnlaget er oppdaterast under nasjonale føringar.</p>
18. Norges Vassdrags- energidirektorat (NVE)	Saks nr. 16/3972-54
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<p>NVE har diverre ikkje hatt kapasitet til å gå detaljert inn i planen. NVE meiner at mange av klimaomstillingsplanen sine mål og tiltak samsvarar med viktige tiltak i NVE sin klimaomstillingsstrategi.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>

19. UWC Røde Kors Nordisk	Saks nr. 16/3972-55
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> Plantema klimakunnskap og klimakommunikasjon har særleg interesse for UWC. Ønskelig å utvikle et helhetlig tilbud for lærere. <ul style="list-style-type: none"> Formål: oppdatering av relevant kunnskap om klimaendringer og hvordan samfunnet kan innrette seg på best mulig måte. UWC er interessert i å delta i et faglig cluster i fylket, og kan bidra med det internasjonale perspektiv, et mangfoldig menneskelig miljø og nettverk på feltet. 	Tatt til orientering. Bør vurderast ved revidering av handlingprogram. UWC er omtalt i tiltak 25.
20. Luster kommune	Saks nr. 16/3972-56
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> Sogn og Fjordane fylkeskommune tek ansvar i arbeidet for å nå 2-gradersmålet. Bra ein involverer alle sektorar og satsar på å arbeida innan eit breitt spekter av arenaer. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> Planen er ikkje spesielt ambisiøs eller nytengkjande. Enkelte målformuleringar oppfattast defensive, særleg temamål på «energibruk i bygg» og «næringsliv og teknologi». Desse måla når vi allereie i dag. 	Ikkje tatt til følge knytt til temamål for bygg. Tatt til følge. Sjå temamål for næringsliv og teknologi.
<ul style="list-style-type: none"> Private verksemdar sitt forbruk er ikkje tematisert. Luster kommune private verksemdar sitt viktige bidrag vert underkommunisert. 	Tatt delvist til følge. Sjå kunnskapsdel kap. 3.7.1, samt M19 og M20.
<ul style="list-style-type: none"> Framlegg til mål: Resultatmål M13.6, her kunne gjerne gjødselhandtering stå som eit eige punkt. 	Tatt til følge. Sjå M13.6
<ul style="list-style-type: none"> Etterlyser ein fast kontaktperson for kommunane knytt til praktisk klimaarbeid. Ein dedikert og engasjert rettleiar som kunne formidla gode døme på planarbeid, tilrettelegging, og tiltak, og hjelpe kommunen å koma i kontakt med føregangskommunar, finne fram til tilskotsordningar osv. 	Tatt til orientering. Sjå tiltak 5.

21. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Saks nr. 16/3972-63
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> Takker for høyringsutkastet og samarbeidet under utforminga av dokumentet. Handlingsprogrammet er presentert på ein oversikteleg måte, med tydelege koplingar mellom mål, strategi og tiltak. Ser fram til at samarbeidet held fram i oppfølginga. 	Tatt til orientering .
<ul style="list-style-type: none"> Saman med den regionale partnerskapen vore opptekne av å løfte fram behovet for klimaomstilling i alle sektorar i samfunnet. Vi har i fellesskap hatt ein uttalt ambisjon om å gå i front som fylke når det gjeld klimaomstilling. Arbeidsmåten, med å etablere nettverk og inngå forpliktande samarbeid, har ført til viktige resultat og har bidrege til å gje klimaarbeidet i fylket ei felles retning. Samd i at det er eit behov for å konkretisere samarbeidsstrukturane og dei overordna ambisjonane for fylket noko meir i utførleg i planen. 	Tatt delvist til følgje. Sjå plandel kap. 1.1.
<ul style="list-style-type: none"> Saknar ein meir handlingsretta visjon for planen, som både fangar opp behovet for klimaomstilling og fylket sine ambisjonar om å vere eit leiande klimaomstillingsfylkte. Ambisjonsnivået til dei overordna måla er noko underkommunisert i høyringsutkastet. Saknar handlingsretta visjon, og tilrår at ambisjonane om å vere eit føregangsfylke og ein pådrivar i klimaomstilling i større grad vert reflektert i den overordna målformuleringa. FORSLAG til overordna mål: «Pilotfylke for kunnskap og handling for klimaomstilling». 	Tatt delvis til følgje. Endre kulepunkt i overordna mål.
<ul style="list-style-type: none"> FORSLAG til nytt kulepunkt: «der fylket utviklar fagmiljø, kunnskap og næring» Kulepunktet vil kunne forankre satsingar som går på å kople forskning, forvaltning, næringsliv og den praktiske innsatsen. 	Tatt delvist til følgje. Endre kulepunkt i overordna mål.
<ul style="list-style-type: none"> Ber fylkeskommunen vurdere å ta inn stikkorda «smartare, tryggare og grønar» i avsnittet om overordna mål for planen. 	Tatt til følgje. Endre kulepunkt i overordna mål.
<ul style="list-style-type: none"> Lite ambisiøst at fylket skal «ta sin del for å nå dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon». Legge til «ta minst sin del» for å legge høgare ambisjon til grunn. På nokre felt har vi gjerne føresetnader for å gjere meir enn «vår del». <ul style="list-style-type: none"> Eks. næringslivet i fylket som har utvikla og tatt i bruk ny teknologi. 	Tatt delvis til følgje. Endre kulepunkt i overordna mål til «tek <u>minst</u> sin del av dei nasjonale måla på utsleppsreduksjon»
<ul style="list-style-type: none"> Kommentar til Areal og transport: <ul style="list-style-type: none"> Ved utløyning av anbod bør klimaomstilling leggjast inn som ein del av anbodsgrunnlaget t.d. for bussar og taxiløyver. Målet må vere at større del av transporten nyttar energi frå biogass og straum. Det kan bidra til å stimulere til lokal produksjon av biogass. 	Tatt til orientering. Sjå M8.2 og M8.3.

<ul style="list-style-type: none"> - Sogn og Fjordane er føregangsfylket på el-ferjer, og vi må ha som mål av oss til å følgje dette opp på andre transportområder. 	
<ul style="list-style-type: none"> • Viktig å halde fram med rapporteringa på tiltak og samle og ha oversikt over gjennomførte og igangsette klimatiltak over tid. Ber om at det blir lagt til rette for dette i oppfølginga av planen. 	Tatt til følgje. Sjå plandel kap. 5.
<ul style="list-style-type: none"> • Handlingsprogrammet legg vekt på tiltak som skal gjennomførast i tida framover, men ikkje klimaarbeidet aktørane i fylket allereie har gjennomført eller er i gang med (eks. innarbeiding av rutinar, aktivitetar og prosjekt). Handlingsprogrammet gir difor ikkje full oversikt over det samla klimaarbeidet i fylket. 	Tatt til følgje. Sjå handlingsprogram kap. 2.
<ul style="list-style-type: none"> • Tilråd at den regionale partnerskapen vert ført opp som ansvarleg for tiltak som krev tilslutning frå fleire. • Samd i at det er viktig å få fram kva aktør som er ansvarleg for til dømes å ta initiativ for kvart tiltak, og dette kan gjerne komme tydeleg fram under «innhald». 	Tatt til følgje. Lagt til informasjon om ansvar og initiativtakar på alle tiltak.
<ul style="list-style-type: none"> • Nokre tiltak er interne for fylkeskommunen sin driftsorganisasjon. Tilråd at desse vert samla under ei eiga overskrift i handlingsprogrammet. 	Ikkje tatt til følgje.
<ul style="list-style-type: none"> • Etablering av eit regionalt nettverk for klimaomstilling i Sogn og Fjordane: Svært viktig tiltak for klimaomstilling i fylket. • Støttar dei føreslegne forventningane til nettverket, og vil særleg peike på oppfølging av Regional plan for klimaomstilling som ei sentral forventning. • Gruppa med fordel kunne vore breiare og inkludert fleire av dei mest sentrale regionale aktørane. 	Tatt til følgje. Sjå tiltak 1.
<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere å slå saman tiltak knytt til rutinar for høyringsvar og rettleiing til kommune- og reguleringsplanar og tiltak knytt til tverrfagleg involvering i regionale planprosessar. . • Tung tittel for tiltaket og førsler heller «Areal- og samfunnsplanlegging som verktøy for klimaomstilling». • Fylkesmannen bør nemnast eksplisitt, sidan FM både eit medansvar for rettleiing på planområdet og gir fråsegn til planlegginga i kommunane og fylkeskommunen, samt medansvar i tverrfagleg involvering i regionale planprosessar. 	Tatt til følgje. Sjå tiltak 10.
<ul style="list-style-type: none"> • Klimakommunikasjonsstrategi: Framstilt som eit internt tiltak for fylkeskommunen, men også relevant for andre. Tiltaket kan formulerast som eit felles tiltak for den regionale partnerskapen. 	Tatt til følgje. Sjå tiltak 13.

22. Nordfjorderrådet	Saks nr. 16/3972-58
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> • Generel positiv til planen – høgst relevant for Nordfjord. • Godt strukturert og god oversikt. • God kopling mellom utfordringsbilete, mål og tiltak. • Ambisjonsnivå med 34 tiltak er ein riktig satsing. • Nordfjorderrådet ser fram til vidare samarbeide med FK om ulike tiltak inn mot grøn næringsutvikling og kommuneorganisering. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> • Oppmodar til FK tar sterkare rolle som rådgjevar for kommunane på energieffektivisering av eksisterande og nye bygg. 	Tatt til orientering. Sjå tiltak 5.
<ul style="list-style-type: none"> • Ser dilemma mellom dagens utbyggingsstruktur med spreidd busetnad og klimagassreduksjon, sentralisering, klimasmarte tettstader og grenser. • Ønsker FK er meir konkrete på kva som leggst i sentralisering og korleis ivareta landbruk og levande bygder også utanfor tettstadane. • Rår FK inviter kommunar til temadag om klimaomstilling, sentralisering, vekststrategiar – sjå rapport frå Uni Reseach og Distriktssenteret. 	Tatt til orientering. Sjå Strategi i senterstruktur og tettstadsutvikling.
<ul style="list-style-type: none"> • Fleire prioriterte midlar til gang- og sykkelveg også utan om «sykkelbyane». 	Tatt delvist til følge. Sjå tiltak 5. Kan m.a. vere tema i planforum og på plansamling.
<ul style="list-style-type: none"> • Vil ha FK som aktiv medspelar til å forstå klimabudsjett/klimarekneskap og klimakonsekvensar av ulike tiltak inn i budsjettprosessar og kommunevedtak. 	Ikkje tatt til følge. Naturleg å handsame ved revidering av RTP. Tatt til orientering. Sjå tiltak 5.
23. Naturvernforbundet Sogn og Fjordane	Saks nr. 16/3972-58
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> • Molda er eit enormt CO2-lager som må vert teken vare på. 	Tatt til orientering. Sjå M18.2.
<ul style="list-style-type: none"> • Hindre nedbygging av matjord 	Tatt til orientering. Sjå M14.1.
<ul style="list-style-type: none"> • Støtte etablering av parsellhagar og andelslandbruk. 	Tatt til orientering. Sjå M13.3.
<ul style="list-style-type: none"> • Legge til rette for meir grønssaksdyrking i fylket og dyr som beitar ute = minske kraftfôrbruken + skjøtting av kulturlandskap. 	Tatt til orientering. Sjå M13.1 og 13.3.

• Jobbe for at bu- og driveplikta vert følgd opp	Ikkje tatt til følge.
• Aksjon mot "pøbelgran" og eit meir berekraftig skogbruk	Ikkje tatt til følge.
- Saknar tiltak for mindre forbruk. Eks. støtte til bytemarknader, utleigebuer, etablering av reparasjonspunkt, støtte til Bokashi (kompostering i hushald) og ordningar for mindre matsvinn.	Tatt til orientering. Sjå tiltak 15 og M19.2.
• Innføre parkeringsautomatar i sentra som ikkje allereie har	Ikkje tatt til følge.
• Rår sykkelveg på dei viktigaste strekningane for pendlarar (eks. Naustdal-Førde).	Naturleg å handsame ved revidering av RTP.
• Det fine med klimatiltak er at dei stort sett er bra for miljøet på alle vis. Mindre forbruk=mindre plast=mindre plast i havet.	Tatt delvist til følge. Sjå NY målseting: M:21. og M21.1.
	Tatt delvist til følge. Sjå kunnskapsdel kap. 3.7.3.4.
• Støtte til kjøp av el-syklar	Tatt delvist til følge. Sjå tiltak 15.
• Fleire og oftare minibussar framfor store og sjeldne bussar.	Tatt til orientering. Sjå M7.2 og tiltak 8.
• Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er gjerne med vidare i prosessen.	Tatt til orientering. Viser til utviklingsavtale 2018-2019 med fylkeskommunen, FNF og Naturvernforbundet.

24. Aurland kommune	Saks nr. 16/3972-60
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
• Presenterer fem fokusområder som har mange felles mål og utfordringar med Regional plan for klimaomstilling; haldningar, utslepp, lokal energiproduksjon, energibruk og klimatilpassing og energiutvikling.	Tatt til orientering.
• Viktig å drøfte nedskalering og lokale variansar av dei overordna klimaprofilane.	Tatt til orientering.
• I Regional Plan bør det drøftast i kva grad noverande tidshorisonantar i klimaprofilane er realistisk som grunnlag for lokalpoliske handlingar.	Ikkje tatt til følge.
• Auka fokus på lokaltilpassa overvaking, varsling, kontinuerlege risikovurderingar og sårbarheitsanalysar vere å framheve i plandokument. • Viktig å presisera at lokale styresmakterm å leggja til grunn at nytteverdien av tiltak skal overstiga kostnadene med å løysa utfordringane.	Tatt til orientering.

25. Vestlandsforskning	Saks nr. 16/3972-61
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
Behov for å inkludere konsekvensene av klimaendringer i andre land. Viser til rapport fra Miljødirektoratet « <u>Utredning om konsekvenser for Norge av klimaendringer i andre land</u> » og kunnskapsgrunnlaget for Samhandling for Grønt Skifte-prosjektet.	Tatt delvist til følge. Sjå kunnskapsdel kap. 3.6.1. og kap. 3.6.3.5.
26. Gloppen kommune	Saks nr. 16/3972-62
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> • Generelt positive tilbakemeldingar på utforminga av planen, med utfordringsbilete, mål og tiltak. • God oversikt over plantema, noko som gjer det enklare for kommunen å bruke planen i eiga planlegging. • Ved revidering av kommunal klimaplan vil regional plan for klimaomstilling vere til god hjelp. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> • Nettverket med kommunane i «Samhandling for grønt Skifte»-prosjektet, er god hjelp i eige klimaarbeide. Prosjektet har auka kompetansen og god forankring til vidare arbeid med klimatilpassing. • Ser samstundes behovet for å kome ned på eit meir konkret tiltaksnivå. 	Tatt til følge. Sjå tiltak 5.
<ul style="list-style-type: none"> • Ser med glede på at regional plan har lagt vekt på klima- og miljøfaget til Firda vidaregåande skule vert oppretthalde og styrka. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> • Ynskjer at FK har ei meir aktiv rolle som rådgjevar ut mot kommunane på området innan energibruk i bygg. Stor nytte for kommunane om ein kan rådføre seg med fylkeskommunen i ulike byggesaker med tanke på energiløysingar i bygg. 	Tatt til orientering. Sjå tiltak 5.
<ul style="list-style-type: none"> • Stiller seg bak Nordfjorrådet sine tilbakemeldingar, både knytt til sentralisering og levande grender, og at mindre gang- og sykkelveggar må aukast. • Kommunen vil jobbe med å auke busetnad og fortetting i Sandane sentrum og dei andre tettstadane, samtidig som vi vil verdsetje levande grender. Med utgangspunkt i dagens busettingsmønster – korleis løyser vi desse utfordringane til beste for klima og miljø? 	Tatt til orientering. Sjå Strategi i senterstruktur og tettstadsutvikling og tiltak 5.
<ul style="list-style-type: none"> • Utbyggingsprosjektet for å auke del syklande og gåande er kostnadskrevjande og det er avgjerande at fylket får meir midlar til utbygging av gang- og sykkelveggar. 	Tatt til orientering. Sjå RTP og Gå- og sykkelstrategi Sogn og Fjordane.

<ul style="list-style-type: none"> Gloppen ynskjer å vere ein bidragsytar til å teste ut nye løysingar som kan bidra til redusert transport. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> Ynskjer å vere ein samarbeidspart og positive til tiltaka som er beskive i planen på området «næringsliv og teknologi». 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> Landbruket er ei viktig næring i kommunen. Kommunen ynskjer å vere ein aktiv medspelar på lag med FK og ut mot bøndene for å sikre nødvendig kompetanse for klimaomstilling i landbruket. Positive til tiltaka i planen på området. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> Klimatilpassing er viktig område. Kommunen har fått midlar frå NVE for kartlegging av kritiske punkt for ras og flaum. Kommunen har fått midlar frå Miljødirektoratet rette mot havnivåstiging og sikringstiltak i Sandane sentrum. Håper på eit samarbeid med fylkeskommunen i dette prosjektet, og eventuelt arrangere eit dagsseminar for kommunane omkring havnivåstiging/tettstadutvikling når resultatet frå prosjektet ligg føre. 	Tatt til orientering. Initiativ om dagsseminar vert ynskt velkommen.

27. Fiskeridirektoratet	Saks nr. 16/3972-64
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> Fiskeridirektoratet region Vest har ingen merknad til planframlegget då planen ikkje vil få vesentlege følgjer for dei interessene dei er sett til å ivareta i planprosessar etter PBL. 	Tatt til orientering.

28. Førde kommune	Saks nr. 16/3972-65
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
Saksframstillinga frå Flora er identisk med Naustdal og Jølster kommune (sjå ovanfor).	Tatt til orientering. Vurdering av innspel er gjort under Naustdal og Jølster kommune.
I tillegg har Førde kommune følgande innspel: <ul style="list-style-type: none"> Bystyret ber fylkeskommunen kartleggje konsekvensar av klimaendringar i andre delar av verda som kan gjere oss sårbare og sjå på avbøtande lokale tiltak." 	Tatt til orientering. Ved revisjon av handlingprogram vil denne type kartlegging vurderast.

29. 4H Sogn og Fjordane / Nordvest	Saks nr. 16/3972-68
Høyringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> • Planen tek opp mange viktige og interessante område som gjeld omstilling til eit meir klimavenleg samfunn. • Handlingsprogrammet er omfattande og har mange gode tiltak. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> • Areal og transport er to tema som bør vektleggast meir. Spesielt viktig med satsing på betre kollektivtilbod i fylket, og tilrettelegging for at det offentlege satsar meir på bygging av gang - og sykkelveggar. Viktig for barn og unge. • Tiltak for å auke kollektiv er viktig tiltak for å få ned bilismen. Kollektivsatsinga må styrkast kraftig framover. 	<p>Tatt til orientering. Sjå RTP og Gå- og sykkelstrategi Sogn og Fjordane.</p> <p>Tatt delvist til følgje. Sjå 8.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Må komme tydeleg fram at landbruket skal ta sitt ansvar for å redusere klimagassutslepp, men med god balansegang slik det ikkje blir for kostbart for ein bransje som allereie har låge inntekter og strenge krav. • For strenge og dyre klimakrav kan føre til ytterlegare nedleggingar av gardsbruk. 	Tatt til orientering. Tematikken er løfta fram i planen.
<ul style="list-style-type: none"> • Skog som karbonfangar, og auka satsing på skogbruk kan løftast endå meir. 	Ikkje tatt til følgje. Sjå M13.5 og M18.2
<ul style="list-style-type: none"> • Positivt med ein jordvernsstrategi. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> • Viktig at produksjon av lokalmat og økologisk landbruk får omtale i planen. 	Tatt til orientering. Sjå M13.3.
<ul style="list-style-type: none"> • Glad for at ungdom og organisasjonar er vektlagt. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> • Forslag om at fylkeskommunen tek tak i oppgåva som eit pilotfylke å jobbe for miljøsertifisering av frivillige organisasjonar og å utvide dagens ordning med Miljøsertifisering til også å gjelde frivillige organisasjonar. • Forslag om nytt tiltak: Sogn og Fjordane arbeider for å bli pilotfylke for miljøsertifisering av frivillige organisasjonar. 	Ikkje tatt følge.
<ul style="list-style-type: none"> • Glade for temaet klimakommunikasjon og klimakunnskap er vektlagt. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> • I plandel kap. 3.8. i innleiingsteksten i første setninga også bør nemne den oppveksande generasjonen, born og unge , ikkje berre vaksne . 	Tatt delvist til følgje.
<ul style="list-style-type: none"> • Positive til klima - og miljøpris i fylket. Bra å løfte temaet og heidre dei som tek ansvar. 	Tatt til orientering.
<ul style="list-style-type: none"> • Positive til samarbeidsavtalane mellom fylkeskommunen og lag og 	Tatt til orientering.

organisasjonar blir foreslått vidareført, og håpar å utvikle samarbeidet.	
<ul style="list-style-type: none"> Forslag om nytt tiltak: Fagleg hjelp og støtte til lokalmatprodusentar og økologisk matproduksjon. Sogn og Fjordane har solide miljø innan desse områda allereie, t.d. Sogn Jord - og Hagebruksskule, Bondens marknad mfl. som fylkeskommunen vil kunne samarbeide med. 	<p>Ikkje tatt følge å legge til nytt tiltak.</p> <p>Tatt til orientering. FK ønsker eit initiativ velkommen frå aktørar innan lokal- og økologisk matproduksjon. Viser til søkeordning for klima og miljø (tiltak 15).</p>

30. Internt høringsinnspel frå Næring og kulturavdelinga	Saks nr. 16/3972-66
Høringsinnspel:	Innstilling frå Fylkesrådmannen
<ul style="list-style-type: none"> Bruk av gummigranulat på kunstgrasbanene er vanleg i fylket, og resten av landet. Gummigranulat er ikkje nedbrytbart, og har lett for å renne med overflatevatn, eller bli brøyt ut av bana når ein brøyter snø. Store mengder granulatet forsvinn rett ut i naturen kvert år. Problematikken er moeleg å løyse dersom ein gjennomfører enkelte tiltak. 	Tatt til følge. Sjå kunnskapsdel kap. 3.7.3.4.
<ul style="list-style-type: none"> Når fylkeskommunen er med å tildele spelemidlar til kunstgrasbaner, er det viktig å vise at ein tek samfunnsansvar og arbeider med problematikk knytt til etablering og drift av idrettsanlegg. 	Tatt til følge. Sjå tiltak 17, samt NY målsetting M21, M21.2 og tiltak 27.
<ul style="list-style-type: none"> Legg ved forslag til nytt tiltak i handlingsprogrammet. 	

Andre endringar i plandokument	
<ul style="list-style-type: none"> Endre «forbruksmønster» til «forbruk» i M19. 	Sjå M19.
<ul style="list-style-type: none"> Oppdatering av status på handsama av vindkraftverk 	Sjå vedlegg i kunnskapsdelen: 5.1.
<ul style="list-style-type: none"> Endring av CO2-utslepp frå SFJ jamfør ny statistikk frå Miljødir. 	Sjå kunnskapsdel kap. 1.3.
<ul style="list-style-type: none"> Lagt til to NYE tiltak knytt til transport, jamfør kommentar i utsendingsbrev. 	Sjå tiltak 6 og tiltak 7.